

Uskedal utvikling: Årsmøte 6. febr. 2019

1. Godkjenning av kunngjering, innkalling og sakliste

2. Val av møteleiar

3. Val av skrivar

4. Årsmelding 2018

- **Styret**
- **Kafe Tiaren**
- **Uskedalen.no**
- **Kjellaren**

5. Handlingsplan 2019

6. Rekneskap 2018

7. Budsjett 2019

8. Årspengar, fast annonseplass, utleige

- **Årspengar** - kr. 200,-
- **Fast annonseplass** kr. 3.300,-
- **Utleige Gamleskulen: Vekedag:** kr. 500,-
Laurdg/sundg.: kr. 800,-
Helg: kr. 1.500,-

9. Val av styre og nemnder

10. Evt. innkomne saker

Årsmelding 2018, frå styret i Uskedal Utvikling

Styret 2018

Leiar: Gunn Mari Moberg

Nestleiar: Egil Myhre

Skrivar: Kristian Bringedal

Styremedlem: Andreas Tarberg

Styremedlem: Henrik Lyse

Varamedlem: Oddbjørn Kroka, Berit H Døssland, Hilde B Bringedal

Rekneskapsfører: Alf Hjønnvåg

Revisor: Leon Gundersen og Hans Reidar Kjærland

Valnemd: Jan Erik Olsson og Ann Irene Kårstad

Styremøte

Det er avhalde 8 styremøte og handsama 50 saker i 2018.

Av saker vi har handsama i 2018 vil eg nemna:

- Medlemsverving, no 65 medlemmer (28 i 2017)
- Møte med Ordførar 11.april
- Møte med næringslivet 20.april
- Strandrydding med fotballgruppe
- Fokus på bossrydding
- Nye vimplar
- Julegrantenning med Musikklaget
- Brannstasjonen
- Trafikksikring Korsnes
- Rydding av Stemneplassen
- Brev om fotgjengarfelt skulen
- Profilerings materiell
- Dugnad i kjellaren
- Tilflyttarsamling i regi av Kvh.kommune og Næringservice.

Medlemmer

Uskedal Utvikling er ein medlemsbasert organisasjon registrert i Frivilligregisteret, Brønnøysundregisteret, med rett til Grasrotandel.

Medlemstalet i 2018 var 65stk.

Uskedalen.no 2018

Uskedalen.no har innan utgangen av 2018 produsert 17492 nyhende og notisar. Det er sidan oppstarten 30.06.2006. For 2018 er talet 1158 saker. Det er ein nedgang frå året før.

Nokre lesarar og miljø sender tips og stoff. Andre er meir anonyme. Dei som sender ferdig stoff og bilete er særleg barnehagane og nokre grupper i idrettslaget.

Thor Inge Døssland bad seg fri skrivning på årsmøte i fjor. Han har likevel vore til stor hjelp på nettsida, både med skrivning og rettleiing. Hans Ordin Østebø har det tekniske ansvaret og har kontakten med sponsoarane/ dei med fast annonseplass. Svein Rimestad skriv frå konsertar.

Talet på lesarbilete i 2018 er 140 mot 180 året før. 21 personar har sendt oss bilete. Nokre er meir aktive enn andre. Slik vil det vera. Redaksjonen legg opp til mangfald og breidde i dei motiva som vert lagt ut. Hans Ordin legg ut bileta.

Før vi skriv litt om visningar (besøk på sida) er det viktig å få fram at statistikkidene ikkje har registrert besøk i perioden 4. – 30. juli og 1. mars. Det er av årsaker redaksjonen ikkje rår med. Med dette veit vi at om all registrering hadde vore på plass, ville tala vore høgare.

- 11. mars var dagen med flest lesarar inne på sida, 1786 sidevisningar, av desse 1035 unike. Grunnen var truleg den stora interessa for skikøyring i Ulvanoso.
- Saker med stor interesse og mange sidevisningar har vore.
15.10: Unge fruktbønder på Steinsletto
16.03: Helsing frå Sigmund Myklebust etter ulukke
03.08: Festidalen
Stoff frå Norway Cup skårar alltid høgt.

Statistikken syner gode tal for kor mange som er inne på andre sider i venstre kolonne. Heile 18 604 har vore inne på desse sidene. Det fordeler seg slik:

- Lag og organisasjonar 3 456
- Tilbod i Uskedalen 2 125
- Uskedal utvikling 2 041
- Uskedalsposten 2 144
- Bilete 1 529

- Turstiar 1 522
- Historisk stoff 1 182
- Dette er Uskedalen 1 169

Firma og verksemdar med fast annonseplass er 23. Det er same talet som for 2017. Talet pr.01.02.2019 er 24. Det er plass til fleire og det er sendt tilbod til nokre sentrale firma i eller med tilknytning til Uskedalen. Frå logo vert det lagt link til heimeside/facebookside. Prisen er kr. 3.300,- pr. år.

Redaksjonen

Kafe Tiaren

Kafe Tiaren starta i september 2007. Det har i alle desse åra vore eit vellukka tilbod med open kafe kvar tysdag heile året, bortsett frå nokre tysdagar i jula. Det er besøk på kafeen frå alle bygder. Mange turistar kjem innom. Det er alltid kjekke besøk frå dagsenteret i Herøysundet. Dei trivst og er faste gjester på Tiaren.

Kafe Tiaren har ein solid stab med 24 faste hjelparar og 3 vikarar. Dei er delte inn i 8 lag med 3 frivillige i arbeid kvar gong. Alle gjer ein stor innsats.

Ola Matti Mathiesen var i si tid oppteken av kor mannfolka vart av. No er det endring på det og.

I november var det frivilligfest for alle hjelparane. Rustne Menn var med. Det same var Janne Olsson og Alf Hjønevåg, gode støttespelarar for Kafe Tiaren. Janne Olsson har vore ei god hjelp i alle åra kafeen har vore i drift. Han hjelper med alt det praktiske. Alf tek seg av økonomien. Den siste tysdagen i månaden er det allsong. Då er det ekstra godt frammøte.

Takk for eit godt arbeidsår i 2018. Ein ser fram til 2019 med gamle og nye gjester.

Berit H. Døssland/Selma Eik

Kjellaren og uteområde

Kjellaren er avdelt med dei romma som skal vera. Nye vindaugo er sett inn i veggen mot Grano. Det er panelt mellom vindaugo. Pipa er ferdigpussa. Heggland bygg og anlegg har utført dette arbeidet.

Det er gjort avtale med Haugland Maskin om å ta bort grusen på framsida for deretter å få støypt ei plate.

Musikklaget har ynskje om å tilgang til større plass i kjellaren for lagring av lysutstyr og anna utstyr som vert brukt ved pynting av Grana. Dei er positive til å gjera noko av dette arbeidet på dugnad.

I vekene fram til jul vart det montert lysdekorasjon på veggen ved inngangen. Informasjonstavla vart også pynta med lys.

Toalettkapasiteten oppe er for dårleg. Det er framlegg om å nytta den ledige plassen, som i dag er garderobe, til eit handikaptalett.

Det er kjøpt inn plenklyppar. Plenklyppinga vert gjort på dugnad.

Det er tankar om å bruka Gamleskulen meir til kafedrift enn det som vert gjort no, mellom anna for å skapa ein samlingsplass i bygda og for å skaffa inntekter til dei som driv det.

Husastyret

Uskedal Utvikling -Handlingsplan

2019

- Halda fram arbeidet med opprusting av kjellaren
- Halda fram drifta og utviklinga av nettsida uskedalen.no
- Halda fram drifta av Kafe Tiaren
- Syna positiv merksemd og hjelpa til all form for næringsutvikling
- Saman med kommunen og skule/barnehage ha fokus på elev og folketalsutviklinga og iverksetjing tiltak som kan stimulera til tilflytting og nyetablering
- Halda fram arbeidet med sentrumsutvikling, parkeringsareal
- Motivera til rydding i strandsona, langs hovudveg og langs elva
- Møte med ordførar
- Vil saman med kommunen og aktuelle utbyggjarar ha fokus på tilrettelegging av eldrebustader og bufellesskap i sentrum
- Leggja til rette for friluftsliv og turisme.
- Halda fram med utsiktsrydding og rydding av turvegar.
- Fylja opp innmelde og aktuelle saker
- Jobba for trafikksikring i Uskedalen. Kryssing av veg ved Korsnes-Ospelunden. Lyssetting av fotgjengarfelt ved skulen. Fartsdempande tiltak. Gang/sykkelveg til Steinsletta
- Auka medlemstal i laget.
- Opprusta turveg til Rød.
- Merka veg til kyrkja/camping
- Rydde loft
- Jobba for kommunal veg til Fjellandsbø
- Rusta opp uteområde ved Gamleskulen
- Jobba for Brannstasjon i Uskedalen

Resultatrapport

Uskedalen Utvikling
990787158

Regnskapsår: 01.01.2018 - 31.12.2018

Gjelder periode: 01.01.2018 - 31.12.2018
Periode fg år: 01.01.2017 - 31.12.2017

	Periode	Akkumulert	Periodeslutt fg år
Driftsinntekter			
3100 Salgsinntekter, avgiftsfri	0,00	0,00	-500,00
3111 Salgsinntekter Tiaren	59 132,00 x	59 132,00	64 913,00
3125 Annonser Uskedalen.no	65 400,00 x	65 400,00	66 000,00
3611 Leigeinntekter Gamleskulen	63 978,42 x	63 978,42	69 566,00
3612 Stonad Kvinnherad Kommune	<u>230 000,00</u>	230 000,00	70 000,00
3616 Stonad Norsk Tipping	1 314,18	1 314,18	1 952,91
3901 Medlemspenger	13 096,50	13 096,50	8 700,00
3903 Gåve frå diverse lag etc.	500,00	500,00	0,00
3904 kundeutbytte gjen	1 565,00	1 565,00	1 467,00
3905 Momskompensasjon	21 675,00	21 675,00	45 790,00
	<u>456 661,10</u>	456 661,10	327 888,91
Driftskostnader			
4111 Varekjøp Tiaren	-32 708,73	-32 708,73	-38 477,58
6320 Renovasjon, vann, avløp mv.	-8 556,80	-8 556,80	-14 562,00
6340 Lys, varme	<u>-32 406,00</u>	-32 406,00	-23 061,00
6360 Renhold	0,00	0,00	-525,00
6545 Datautstyr	-4 385,00	-4 385,00	-2 235,00
6550 Driftsmaterialer	-644,00	-644,00	-1 199,00
6561 Blomar	-4 760,00	-4 760,00	-3 997,00
6590 Annet driftsmateriel	-9 460,75	-9 460,75	0,00
6600 Reparasjon og vedlikehold bygninger	-1 982,70	-1 982,70	-1 894,00
6601 Utstyr Tiaren	-4 423,80	-4 423,80	-1 338,70
6620 Reparasjon og vedlikehold utstyr	-1 196,00	-1 196,00	-5 925,00
6690 Reparasjon og vedlikehold annet	<u>-36 088,00</u>	-36 088,00	0,00
6811 Kvinnherad Breiband	-3 000,00	-3 000,00	-3 600,00
6813 Uskedalen.no Drift	-7 955,36	-7 955,36	-11 169,54
6817 Oppgrad. kjeller	-83 213,00	-83 213,00	-16 526,00
6818 Vask Gamleskulen	-18 750,00	-18 750,00	-18 993,00
6819 Utsiktsrydding	-29 503,36	-29 503,36	0,00
6940 Porto	-1 130,00	-1 130,00	-1 100,00
6990 Ymse utgifter	-3 678,46	-3 678,46	-306,59
7320 Reklamekostnader	-6 431,00	-6 431,00	0,00
7500 Forsikringspremier	-11 411,00	-11 411,00	-11 055,00
7770 Bank og kortgebyrer	-6 211,05	-6 211,05	-5 047,25
7830 Konstaterte tap på fordringer	-1 550,00	-1 550,00	0,00
	<u>-309 445,01</u>	-309 445,01	-161 011,66
Driftsresultat	147 216,09	147 216,09	166 877,25
Finansielle poster			
8040 Renteinntekt tilbakebetalt skatt, skattefri	0,00	0,00	409,90
8070 Annen finansinntekt	314,94	314,94	0,00
	<u>314,94</u>	314,94	409,90
Ordinært resultat før skatt	147 531,03	147 531,03	167 287,15
Ordinært resultat	147 531,03	147 531,03	167 287,15
Årsresultat	147 531,03	147 531,03	167 287,15

Overføringer

Rekneskapet revidert 17/1-2019

Utskrevet av Alf Hjonnevåg 17.01.2019 09.51.34

Visma eAccounting

Leon Gundersen

Side 1 av 2

Sam Ridar Hjeltnes

Balanserapport

Uskedalen Utvikling
990787158

Regnskapsår 01.01.2018 - 31.12.2018

Gjelder periode: 01.01.2018 - 31.12.2018
Periode fg år: 01.01.2017 - 31.12.2017

	Ved periodens begynnelse	Endring	Ved periodens slutt	Periodslutt fg år
EIENDELER				
Omløpsmidler				
1500 Kundefordringer	2 850,00	-1 850,00	1 000,00	2 850,00
1920 Bankinnskudd	395 206,13	144 414,72	539 620,85	395 206,13
1922 Bank konto TIAREN	96 804,61	8 419,43	105 224,04	96 804,61
1923 Bygdeutvikling DNB	49 182,57	24,59	49 207,16	49 182,57
	<u>544 043,31</u>	<u>151 008,74</u>	<u>695 052,05</u>	<u>544 043,31</u>
SUM EIENDELER	544 043,31	151 008,74	695 052,05	544 043,31
EGENKAPITAL OG GJELD				
Egenkapital				
Egenkapital (innskutt og opptjent)				
2050 Annen egenkapital	-488 043,31	0,00	-488 043,31	-488 043,31
Udisponert resultat				
Udisponert resultat	0,00	-147 531,03	-147 531,03	0,00
Sum egenkapital (inkl, udisp. resultat)	-488 043,31	-147 531,03	-635 574,34	-488 043,31
Gjeld				
Avsetning forpliktelser				
2180 Andre avsetninger for forpliktelser	-56 000,00	0,00	-56 000,00	-56 000,00
Kortsiktig gjeld				
2409 Ikke reskontroført leverandørgjeld	0,00	-3 477,71	-3 477,71	0,00
Sum gjeld	-56 000,00	-3 477,71	-59 477,71	-56 000,00
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	-544 043,31	-151 008,74	-695 052,05	-544 043,31
Saldo	0,00	0,00	0,00	0,00

Uskedal Utvikling
Driftsbudsjett 2019



Driftsinntekter:

Sal Tiaren	66 500
Diverse Inntekter	106 000
Annonse Uskedalen.no	66 000
Medlemskontingent	8 900
Sum Driftsinntekter	247 400

Driftskostnader:

Varekjøp Tiaren	36 000
Lys. Varme	23 000
Blomar	10 500
Diverse kjøkkenutstyr	5 000
Vedlikehold Bygninger	40 000
Reparasjoner utstyr	27 000
Kontorrekvisita	1 400
Kvinnherad Breiband	3 750
Datautstyr	9 000
Drift Uskedalen.no	22 000
Møter kurs og oppfølging	3 000
Porto	3 000
Forsikringspremie	10 000
Ymse utgifter	50 000
Sum Driftskostnader	243 650

Driftsresultat	3 750
-----------------------	--------------